

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 41/2006

Møtedato: 6.9.06

Arkiv nr: S 694

## **S 694, Jaslangen – søknad om oppføring av sel**

Ingebjørg og Magne Moe søker om å få føre opp nytt sel på stølen på Jaslangen. Det gamle selet på 27 m<sup>2</sup> skal rivast og erstattast med eit nytt på 73 m<sup>2</sup>. Det gamle selet er i så dårleg tilstand at det er mest hensiktsmessig å rive det.

Søklarane har opplyst at dei starta opp med 10 sau i 2004 som dei har vinterfora og stølen blir brukt til beite for sauene. Stølen er etter dette i bruk etter fjellova.

Til stølar som berre er i bruk til beite har fjellstyret tidlegare godkjent storleiken på sel inntil 70 m<sup>2</sup>. Dette er storleik som Statskog har tilrådd.

Det nye selet har ikkje form som er tradisjonell for stølshus. Det er store glas, veranda og blanding mellom 1 og 1 ½ etasje. Utforming er ikkje i samsvar regelverk om utforming av stølshus utarbeidd av regional.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

I sak 34/2006 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn at det er godtgjort behov for nytt sel ut frå drifta på stølen. Utforming av selet er etter fjellstyret sitt syn ikkje i samsvar med retningsliner frå regional kulturminneforvaltning. Fjellstyret ber om nye teikningar som er meir i samsvar dei nemnde retningslinene før ein kan godkjenne søknaden. Søkjaren må ved utarbeiding av nye teikningar redusere storleiken på selet til 70 m<sup>2</sup>.*

Statskog har etter vedtaket kome med merknader til saka. Statskog ynskte lengre tid på uttalen og fjellstyret utsette behandling av saka i to veker. Tilsvarande saker har inntil no vore kurrante saker som Statskog ikkje har hatt merknader til. Det vart derfor oppfatta slik at Statskog ikkje hadde merknader til saka når dette ikkje var kome merknader innan to veker. Statskog har i følgje stølsforskriftene rett til å uttale seg til byggesaker på støl i drift og vi må behandle saka på nytt.

Statskog skriv i brev datert 7.7.06 m.a. følgjande:

*I henhold til Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. § 13 "kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter". I seterregisteret fremgår det at inngjerdet setervoll er 12 daa, og av søknaden fremgår det at setervollen benyttes til beite for sau (10 sauer i 2004). Statskog er av den oppfatning at dagens drift ikke krever husvære, og at et nytt sel i den størrelsesordenen det her omsøkes ikke er i samsvar med seterforskriftens § 13 om "rasjonell utnytting av utvist seter Statskog tilrår derfor avslag på søknaden om oppføring av nytt sel på støl med festnr. 694. Statskog har derimot ingen innvendinger mot at den eksisterende stølsbebyggelsen ivaretas gjennom restaurering, eller ved å erstatte det eksisterende selet med ett nytt i samme størrelse og utforming.*

*Vi ber fjellstyret behandle søknaden på nytt, nå som Statskogs uttale til saken foreligger.*

Stølsbrukaren har i brev datert 28.8.06 fremma ny søknad med eit sel som er 50 m<sup>2</sup> stort. Søkjaren opplyser at det er rive eit tilbygg på selet og at samla areal då var rundt 45m<sup>2</sup>. Ved kontrollmåling av fjellstyret har ein funne at samla areal på tidlegare bygg var 47,6 m<sup>2</sup>.

Oppland fylkeskommune/Fagenhet for kulturvern v/kulturvernkonsulent Leidulv Idland har følgjande merknader til bygget: *Det gamle selet er ikke SEFRAK-registrert og dersom den er i så dårlig stand at den ikke lar seg reparere har vi ingen merknader til at bygget blir revet. Et nytt sel bør tilpasses setermiljøet og den tradisjonelle byggeskikken i området. Det er ingen tradisjon for å ha sammenhengende vindusrekker slik som det er vist på tegningen på fasade nord og vest. Vi vil derfor anbefale at de sammenhengende vindusrekkene brytes opp med vegg imellom vinduene og at antall vinduer reduseres. Det vil gi det nye selet et enklere stølsuttrykk.*

Statskog har følgjande uttale til ny søknad: *På bakgrunn av de opplysninger fremlagt om selets opprinnelige størrelse finner vi ny søknad å være i tråd med Statskogs tidligere uttalelse i saken. Statskog har ingen merknader til ny søknad.*

**VEDTAK:**

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene på vilkår av at det gamle selet blir rive. Fjellstyret ber søkjaren vurdere å omforme teikningane slik Oppland fylkeskommune tilrår.

Byggeløynet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.9.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Ingebjørg og Magne Moe